Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gjestal

Emne: Transport av höy

Bygdelag: heile heradet.

Oppskr. av: Tore Arneson

Gard: Edland

(adresse): Ålgård

G.nr. 5 Br.nr. 137

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det aller meste

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Har snakka med Nils L. Helland, gardbr. h. v. 88 år.

## SVAR

Slått i utmarka (markaslått) er no på det næraste slutt i Gjestal. Ein 73 år gl. fjellbonde som i si tid har drive mykje med markaslått (Per P. Kyllingstad) sa det slik: „Dei kom seg foraste (ökonomisk) dei så slutta föste"

Innköyringa av engjhöyet går for seg på same måten som ho har gått for seg dei to siste mannsaldrane; på „langkjerra" (ei). Denne er gjord av to „skjæge" (ei skåg) som går omlag 3 meter bakanfor det romet hesten treng. Hjulåsen er enten skoren opp i sjölve „skåjo" eller det fyst ei festa ein „klamp" under denne, og i denne klampen er der halsk åt hjulåsen. Anna feste for åsen finns ikkje. Hjula vert nytta under andre kjerrer til andre årstider.

Höykjerra er på tvers samanbunden med „slöe" (ei slo) og lengda på desse vert bredda på kjerra. Oppå slöene ligg „remane" (ei rem) vanlegvis 3 stk. med höveleg mellomrom mellom skjægene. For kvart hjul står det opp ei grind, tappa ned i skjægene eller fest i eit jarnbeslag

898

som står på utsida av skåjo.

Einskilde gjer kjerrene breidare meddi dei let stöene gå gjenom skjægene så det vert plass for ei rein på utsida av kvar skåg. Dei lagar då eit lite fast hus over kvart hjul. Huset eller kassen er sett innetter mot kjerra og hindrar höyet å koma i hjulet under köyringa.

Her på garden lagar dei hjulåsane til höykjerrene omlag 1/2 m. lenger enn til vanlege kjerrer og får då tilsvarande breidare höykjerrer. Då har dei grindar kringom og sleppe difor å bry seg med skåget på lasset når dei lessar. Men det er einast her på Eidland dei har bruka dette slag kjerrer det siste halvtjug året.

Eg kjenner ingen stad dei „fenggje" „vadlhöyet" på kjerra no for tida. Men kring 1910 var dette vanlegaste måten. Men småhöyet, d.v.s. höy som har vakse på udyrka, men no vanleg bruka mark, må nok enno fenggjast ihop med „feng-riva" på gamlemåten. Silofôret vert oftast kjört i „skrinkjerra" hovdakjerra, pålest med gaffel.

Til å köyra graset inn åt hesja er slepe-riva komen i bruk i dei siste åra. Ein har før bruka gaffel til dette, og mange henggjer op på hesja med gaffel. Eg kjenner ingen stad graset vert köyrd til serskild turkeplass, hesja vert sett op på staden eller höyet vert turka flatt.

898

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Transport av høy 2.

I utmarka har høyet vore lagra i løa eller „hjelm". Hjelmen er eit møna tak, vanleg av tunne bord, som i kvart hyrna var fest til ei stong. Taket vart heisa til topps på stengene og mellom desse fire stengene „leste" ein inn høyet. Når høyet var kome på plass vart taket slept nedpå „høy svålo" (ei) og seig etterkvart som høyet seig. Dette var altså ei betring av stakken. Høystakkar har eg sett svært fåe av i mi tid, (f. 1901) men at han har vore i bruk tyder namn som „Stakkslåtto", „Stakksheiö" på.

Då eg var unge og bøndene manngjennomt „slo i markjo" hadde dei kvar sine utmarksløer bygde av rund „brann" (stokkar) høgd i nærleiken og tekte enten dene med bord eller „panne" (teglstein) og veggene var enten av bord eller dei vart „risa" d.v.s. ein høgde „bjørke-ritle" (ei) (høvelege bjørkegreiner med lauv på) og festa som veggen. Helst sideveggen. Det faste „bröste" (eit) (brystveggen) var som regel av fjøler. Bøndene rekna på at dei slo så og så mange „löe" og kvar løa tok frå 20 til 50 „somra lass" (eit lass fl. lass, kanskje helst låss)

Alle gardsbruk i Gjestal har hest. Husmenner har det ikkje funnest etter eg vart vaksen, og slike som slo i markjo utan å eiga hest, lånte når dei skulle høya.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det turka høyet vart køyrd på slede til løa. „Sle-en" vart pålesst med fengriva med 3 fenggjer i lengda og tri eller fire i høgda etter kor „ulendt" der var å køyra. I kvar enda av sleden var festa eit „langband" som ein gjorde fast i „høytongjo" når ein „kneppte" lasset. Rundt lasset på midten hadde ein vanleg tog med „hegl" (ei) Var det ulendt å køyra hadde ein gjerne ei „bjørkeritla" på kvar sida under toget eller „toie" som me seggjer. Toget hadde hegl (rettare heggl) i eine enden og vart gjord fast med denne når ein hadde kneppt.

I somme høve, når ikkje øykjene var for handa eller anna hindra, „sette dei ihop" høyet; dei bar då saman og la fenggjene systematisk ifrå seg i mengd og oppå ein annan, som tilsvara eit lass.



9 eller 12 fenggjer, og tok dei då att når det høvde men helst før det var kome regn. Dei hadde fengriva til hjelp når dei la på sleden att.

Den næraste markaslåtten (høyet) vart gjerne køyrd beinveges åt heimeløa på vanleg langkjerra og lesst på same måte som på sleden, men ein var oftast nøgd å setja to tog kring lasset, eit framanfor og eit bakanfor hjula. Og så måtte lasset „nøssast" framifrå godt, d.v.s. alt som kunde tenkjast detta av når kjerro „skangra" heimover, måtte rakast av. Det hende sakta at kjerrelassa og vart „risa" med eitpar „bjørkeritle".



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Transport av høy. 3

Men bøndene likte ikkje å køyra heim
markhøyet på „berkö" (ei) (Bere mark).
Dei ville ha føre og då måtte votn og
myrar vera tilfrosne og noko snø oppå.
Fenggjene skulde vera så regelrett inn lagde
i utmarksløa at ein nø kunde finna
dei att heile, og ein la dei på sleden
utan å bruka reiv. For å få „vintra-
lasset" stort nok, dubbelt så stort som
„somralasset", „tvi-lesste" ein. D. v. s.
det vart lagde to og to fenggjer jamn-
sides kvarandre på sleden, den eine litt
oppå den andre i midten. No var det
mindre vandt om fenggjene vart „suntførde"
for det var ikkje så nøgju å ha dei heile
i heimeløa. Vintralasset måtte og gjerne
ha to kneppingstog utanom „tonjo"
og „tangbommo".

Far min f. 1855 var husmann og
hadde markslått men ikkje hest, han
bar mykje ihop (åt løa) med „børa tog".
Børatoget (-toie) var tunnare enn „knep-
pingstoie" og hadde to „tampa" (ein)
som gjikk ut frå „hegglo". Når han
skulde lessa børa, stakk han eine „hokne"
(eit) av hegglo ned i jorda og la tampane
med høveleg fråstand ut frå hegglo.
På dette la han 3 fenggjer oppå ein-
annan og fekk så hjelp av ihopraksaren
som tidast var eit kvinnfolk med knep-
pinga og gjorde „toie" fast i hegglo,
sette seg ned og fekk armane innunder
kvar sin av dei kneppte tampane



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Med den eine handa helt han i dei frie tampane og den andre stödde han seg med når han reiste op. I hop-rakaren hjelpte med å letta i böra når han reiste seg.

Når ein fengde höyet vart det alltid att ein rest, „ettetag" (eit) Det var arbeidet åt ein halvstor unge å samla dette med seg å bera det åt ein ufengd höydunge. „Ettetagar" (ein). Eg hyrde meg som „ettetagar" hjå Per Tjelland i 1914 og fekk ros for at eg var ein „lette" d.v.s. snar ettetagar för eg greidde å „ta ette" to fengjarar. Ein bruka „raksteriva" når ein „tog ette og fengde på rakse vis. Det var stor skilnad på höygarane om dei la stort eller lite „ettetag". Me ungane dömde ein „höygar" etter kor stort „ettetag" han la. „Ettetagaren" bruka stundom forkle som han med ei sers föring samla „ettetaggi" op i. Men gutungane lika ikkje den måten for forkledet gjorde „ettetaingja" til gjentearbeid.

Då far totte det vart for stridt å bera höyet, fekk han laga ei hjulbår som tok ei bör, trilla denne til löa. Men eg har aldri spurt om andre enn han som gjorde det, så det har knapt interesse som tradisjon.

Slede har ikkje vore bruka på heimeböen i mi tid, men far fortalde at då han var ung var dette eine måten.

898

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Rogaland I Høytransp.

Sleden dei bruka var av same slag som enno er i bruk, men no mest til ved- og torvköyring. Meiane er ūskodde helst av björk, og med naturleg „reise" framme. Når dei er nedslitne vert dei gjerne lappa med ein ny björkeplanke under. Stålskodde meiar har bere vorte bruka på vinterföre etter ferdavegen. Höykjerra på hjul har etter mitt kjennskap aldri vore kalla höysledde her i Gjestal. Eg har aldri set eller höyrt gjete meir enn ein hest for höysledde eller höykjerra.

Samslått kjenner eg heller ikkje, men N. L. Helland sa at före hans tid „slo dei om ein aen". I Forsand fins gardsnamnet „Samslått"

Tida for heimköyringa sa seg til sjölv då „före" oftast varer bere ei stutt tid på desse kantar og må nyttast når det er her. Så store snömengder at det trengst sers bröyting er ūvanlege i Gjestal så dette har ingen tradisjon. Köyredagen hadde heller ikkje noko „ritual" når „måron-stelle" av hest, ku og sau var ferdugt tok ein ūt på höyköyring med så mykje folk og öyk ein hadde for hand, og köyrde så mange vendingar som dag- og veglengd tillet.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Høysleide frå Gjistal. Rogaland













898
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Høyslede frå Gjestal, Rogaland.










